



Erlend Bratholmen og Malene Myhr Eide
Vardane 127
5911 ALVERSUND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/178 - 18/32350

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

25.10.2018

Løyve til endring - gbnr 24/50 Fammestad

Administrativt vedtak. Saknr: 577/18

Tiltakshavar: Erlend Bratholmen og Malene Myhr Eide

Søknadstype: Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av plassering og fasade på einebustad. Det vart opphavleg gjeve løyve til etablering av einebustad i vedtak datert 18.05.2018.

Endringane det søkjast om:

1. Endra plassering av bustad frå 2 meter i frå nabogrense til 4 meter i frå nabogrense
2. Endringar/justeringar på vindusutforming

Når det gjeld endringar av vindauer er det av ansvarleg søkjar opplyst følgjande:

«Fasade 1

- Endra størrelse på vindu i kjeller, endra størrelse / utforming på vindu på både «venstre» og «høgre» side oppe. Vindu i ark er endra nede, men ikkje oppe. Dør i kjeller er ikkje endra.

Fasade 2

- Satt inn vindu ved sida av terrassedør, ellers er vindu lik i hovedetasjen. Fjerna vindu i kjeller ytterst i ark, endra størrelse og sett inn nytt vindu i kjeller på huset.

Fasade 4

- Fjerna 3 vindu, endra størrelse på 1 vindu. Dør er lik som før.»

Det vert elles vist til søknad motteken og supplert 25.10.2018.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Kløve bustadfelt 1263-21031975 er definert som bustad .

Tillate grad av utnytting etter gjeldande plan er 40 % BRA.

Nabovarsel

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 16.10.2018.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 4 meter.

Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.

Vatn og avløp (VA)

Søknad gjeld ikkje for vatn- og avlaupshandteringa.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Det er ikkje søkt om endringar av tilkomst, avkjørsle og parkering.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønns har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Omsøkte bustad stettar no de generelle avstandskrava til nabogrense, utover dette er det ikkje søkt om endring av terrenghandsaminga for tomta.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 b vert det gjeve løyve til endra plassering og mindre endring av vindauge for bustaden.

Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Bustaden skal plasserast i samsvar med korrigert situasjonskart datert 16.10.2018
2. Vindu på fasade skal utførast i samsvar med teikningar innsendt 16.10.2018.
3. Før det vert gjeve mellombels bruksløyve eller ferdigattest skal faktisk plassering av tiltaket vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/178

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan

fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Bortfall av løyve

Vedtak om dispensasjon er gyldig i 3 år, jf. pbl § 21-9. Fristen kan ikkje forlengast. Det må ligga føre løyve til tiltak etter plan- og bygningslova innan utløp av 3 års fristen for vedtaket.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Erlend Bratholmen og Malene Myhr Eide	Vardane 127	5911	ALVERSUND
Kålås Bygg AS	Torvhusmyrane 2	5913	EIKANGERVÅG